

## HERDLA MELLOMALDERKYRKJEGARD

Arkeologisk overvaking ved graving for VA-leidningar og tilbygg, Askøy  
kommune, Vestland fylke

Reinsnos, Ambjørn







**Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU)**  
 Storgata 2, Postboks 736 Sentrum, 0105 Oslo  
 Telefon: 23 35 50 00  
[www.niku.no](http://www.niku.no)

<b>Tittel</b> Herdla mellomalderkyrkjegard Arkeologisk overvaking ved graving for VA-leidningar og tilbygg, Askøy kommune, Vestland fylke	<b>Rapporttype/nummer</b> NIKU Rapport 234	<b>Publiseringsdato</b> 16.08.2023
	<b>Prosjektnummer</b> 1022565	<b>Sider</b> 32
	<b>Avdeling</b> Arkeologi	<b>Tilgjengelighet</b> Åpen
<b>Forfatter(e)</b> Reinsnos, Ambjørg	<b>ISSN 2703-7797</b> <b>ISBN 978-82-8101-380-3</b>	<b>Oppdragstidspunkt / periode utført</b> 15.-24.05.2023
	<b>Forsidebilde</b> Graving av sjakt 1 aust for kyrkja. Foto: Ambjørg Reinsnos	

<b>Prosjektleder</b> Ambjørg Reinsnos
<b>Prosjektmedarbeider(e)</b> Katharina Lorvik
<b>Kvalitetssikrer</b> Rory Dunlop

<b>Oppdragsgiver / finansiert av</b> Askøy kirkelige fellesråd
---

<b>Sammendrag</b> Ved graving for oppføring av tilbygg og legging av VA-leidningar på Herdla mellomalderkyrkjegard, Askøy kommune, vart det gjennomført arkeologisk overvaking av tiltaka. Arbeidet vart gjennomført i perioden 15.-24.05.2023. Graving av til saman 5 sjakter vart overvaka av arkeolog. I tre av sjaktene vart det påvist in situ-graver. I ei sjakt vart det påvist eit lag som kan vere eldre kyrkjegardsmassar eller restar etter førhistorisk aktivitet. Omsøkt tiltak er i direkte konflikt med in situ-gravene i sjakt 2, 4 og 5. Det er ikkje gjort funn som tilseier at gravene er etterreformatoriske, og det må difor takast atterhald om at dei påviste gravene kan vere frå mellomalderen.
<b>Abstract</b> The archaeological watching brief at the medieval graveyard at Herdla church were carried out 15-24 May 2023, by an archaeologist from the Bergen office of the Norwegian Institute for Cultural Heritage Research, in connection with fairly extensive excavation works, five ditches in all. Three ditches contained in-situ burials, and in one ditch was found a layer that may have been an old graveyard deposit or derived from prehistoric activity. The planned excavation works are in direct conflict with in-situ burials in ditches numbered 2, 4 and 5. No finds were made that would indicate that the burials were of post-medieval date, and it must therefore be presumed that they are from the Middle Ages and thereby protected by law.

<b>Emneord</b> Kyrkjegard, mellomalder, kyrkje, grav, skjelett
<b>Keywords</b> Graveyard, medieval, church, graves, burials, skeletal material

Kontorleder  
 Rory Dunlop

---

Saksnummer hos forvaltningsmyndighet	2022/98890
Kulturminne-ID	84557
Lokalitetsnavn	Herdla mellomalderkyrkjegard
Gnr/bnr.	42/10,26
Adresse, kommune, fylke	Herdla kyrkjestad, Askøy kommune, Vestland fylke
Aksesjonsnummer	-
Museumsnummer	-
Intrasis-prosjektnummer	-
Foto-/filmnummer	Bf30075
Tilstedeværelse av automatisk fredede kulturminner	Ja





---

## Innholdsliste

1	Innleiing .....	9
2	Omsøkt tiltak .....	9
3	Historikk og faglege problemstillingar .....	11
3.1	Historikk .....	11
3.2	Faglege problemstillingar .....	14
4	Metode og gjennomføring .....	14
4.1	Sjakt 1 - VA-grøft i aust .....	15
4.2	Sjakt 2 - Tilbygg sør .....	17
4.3	Sjakt 3 - Grøft sørvest .....	20
4.4	Sjakt 4 - Tilbygg nord .....	21
4.5	Sjakt 5 - Grøft nordvest .....	24
5	Resultat .....	26
6	Konklusjon .....	26
7	Litteraturliste .....	27
8	Vedlegg .....	27
8.1	Fotoliste .....	27
8.2	Forenkla rapport frå tildekking av gravene, NIKU prosjektnr. 1022655 .....	28






## 1 Innleiing

Askøy kirkelige fellesråd har søkt Vestland fylkeskommune om dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i § 8.1 i samband med inngrep i mellomalderkyrkjegarden på Herdla, Askøy kommune (kulturminne-id 84557-3, sjå Figur 1). Inngrepa omfatta grøfter for VA-leidningar og kummar, samt graving for to tilbygg på vestsida av kyrkja. Vestland fylkeskommune gav dispensasjon i saka i brev datert 28.03.23. Dispensasjonen vart gitt med vilkår om arkeologisk overvaking av delar av tiltaka. Riksantikvaren vedtok NIKU sitt budsjett for overvakinga med heimel i § 10 i kulturminnelova i brev datert 23.03.23. Vestland fylkeskommune sitt saksnummer er 2022/98890.


Arbeidet vart gjennomført i perioden 15.-24. mai 2023 av arkeologane Ambjørge Reinsnos (tre dagar) og Katharina Lorvik (ein dag) frå NIKU distriktskontor Bergen. Entreprenørfirma var Donar AS. Under arbeidet veksla vêrtilhøva frå regn og sterk vind til opphaldsvêr og noko sol.

## 2 Omsøkt tiltak


Dei omsøkte tiltaka innebar graving av grøfter for VA-leidningar, og graving for oppføring av tilbygg (Figur 2). Det var planlagt for to tilbygg, nord og sør for kyrkjetårnet, kvart på 13,2 m<sup>2</sup> BYA (Figur 3). Gravedjupne var sett til 1 meter. VA-leidningane skulle gravast frå eksisterande leidningsnett ved kyrkjegardsporten i aust via grøft sør for kyrkja til dei planlagde nybygga. Traséen var planlagt 75 cm brei og 1 m djup.



Figur 1. Kart over den automatisk freda mellomalderkyrkjegarden på Herdla kyrkjestad (kulturminne-id 84557), kart frå Askeladden.ra.no.



Figur 2. Herdla kyrkje med omsøkt VA-trasé markert med grønt og kummar markert med gult, revidert vedlegg til søknaden, oversend 26.01.23.



Figur 3. Kart over omsøkte tilbygg nord og sør for kyrkjetårnet på vestsida av kyrkje.

## 3 Historikk og faglege problemstillingar

### 3.1 Historikk

Dei omsøkte tiltaka ligg innafør det automatisk freda kulturminnet Herdla mellomalderkyrkjegard, kulturminne-ID 84557.

Utdrag frå Askeladden: Herdla kyrkje låg i 1146 til Munkeliv kloster (DN XII:1). Kristkirken i Bergen ved biskopen makeskifta til seg kyrkja frå munkane omlag 1180 (DN VIII:2), og kyrkja var eitt av dei 14 kongelege kapella i 1308 (DN I:113) (Askeladden.ra.no). Noverande kyrkje på Herdla er oppført i 1863, på same stad som mellomalderkyrkja som sto fram til 1861. Mellomalderkyrkja var ei steinkyrkje oppført rundt 1300. Form og storleik på den eldste kyrkja på Herdla, nemnt 1146, er ukjend, men det har truleg vore eit lite kapell av same type som på Kvitsøy i Rogaland; nærast kvadratisk i form, med apsidal koravslutning i aust. Lengda aust-vest var 13 m og breidda 9,5 m, utvendig målt (Gjessing 1918 i Lidén 1994).

Kyrkja som vart rive i 1861 var i følge Chr. Christie ei gotisk langkyrkje utan tårn, og med kor og skip av same breidde, omlag 19 m lang og 7,8 m brei, innvendig målt. Restar av grunnmuren etter denne eldre kyrkja vart observert i 1910, ved omlegging av golvet i kyrkja: "rester av grunnmuren i den gamle St. Nikolaykirke; den er beliggende i den nuværende kirkes skib fra gallerifronten til koråpningen" (Sogneprest Dankert Skagens beretning, Frå Lidén 1994). Delar av grunnmuren frå mellomalderkyrkja skal framleis liggje under dagens kyrkje på Herdla (pers. medd. Håkon Andersen, assisterande kyrkjeverje).

Taket på Herdla kyrkje blei tekka med teglpanner allereie i 1648-49 (Lidén 1994). Kyrkja brann i 1934, men vart bygd opp att året etter. Under andre verdskrigen vart kyrkja delvis rive av tyskarane, og vart bygd opp att i 1950-51 i si noverande form.

Det er gjort omfattande graving både rundt og under det noverande kyrkjebygget. Kyrkjegarden har vore utvida mot sør og nord fleire gonger. Under andre verdskrigen bygde tyskarane tunnelar her med inngang via kyrkjebygget, og på 1980-talet vart det gjort gravearbeid for å gjenfyllle tunnelane og stabilisere massane. Vi har ikkje dokumentasjon på kor omfattande denne gravinga var i utstrekning i plan, men Figur 6 viser noko av situasjonen på sørsida av kyrkja, der det ser ut til at den mest omfattande gravinga vart gjort. Eitt av karta som følgde tiltakshavar sin søknad viser også at det berre var éin tunnel på nordsida av kyrkja, medan det var tre på sørsida.

Det er kjend fire lausfunn av førhistoriske gjenstandar ved Herdla kyrkje; to trinnøkser frå eldre steinalder (kulturminne-id 268610 og 268616) og ei øks og eit spyd (kulturminne-id 268619 og 268618) frå eldre jernalder.

NIKU har tidlegare utarbeidd eit forslag til sannsynleg utstrekning av kyrkjegarden på Herdla i mellomalderen, basert på synfaring, topografien på staden og historiske kjelder (Trædal 2006). Konklusjonen var då at utstrekninga til mellomalderkyrkjegarden truleg har vore størst på nordsida av det noverande kyrkjebygget, men at kyrkjegarden truleg også har hatt større utstrekning mot aust og vest enn det som er vist i Riksantikvaren sin kulturminnedatabase, sjå Figur 7.

NIKU har utført søk i Riksantikvaren sitt saks- og fotoarkiv, samt i eigne arkiv frå 1994 til d.d. Vi kan ikkje sjå at det finst tidlegare arkeologiske observasjonar som er relevante for tiltaket.




Figur 4. Herdla kyrkje ein gong mellom 1930-1933, mot sør. Atelier KK, Marcus UiB.



Figur 5. Ruinen av Herdla kyrkje etter brannen i 1934, mot nordvest. Atelier KK, Marcus UiB.



Figur 6. Graving sør for Herdla kyrkje for å stabilisere grunnen, truleg på tidleg 1980-tal. Foto frå søknaden.



Figur 7. Kart over foreslått avgrensing av mellomalderkyrkjegarden på Herdla, markert med grønt. Figur henta frå Trædal 2006.

### 3.2 Faglege problemstillingar

Avgrensinga av mellomalderkyrkjegarden på Herdla slik denne ligg i Askeladden er ikkje gjort med bakgrunn i arkeologiske observasjonar. Omfanget av masseutskifting/graving som er gjort sidan andre verdskrigen er ikkje dokumentert, og det kunne ikkje utelukkast at det fanst intakte automatisk freda leivningar på staden. Det mest omfattande gravearbeidet ser ut til å ha vore gjennomført på sørsida av kyrkja (sjå Figur 6), medan det ser ut til at arealet i vest, aust og nord har vore råka i mindre grad. NIKU vurderte at det var potensial for direkte konflikt med automatisk freda leivningar i samband med graving for delar av det omsøkte tiltaket.


Med utgangspunkt i prioriteringar i Riksantikvaren sitt dokument «Faglig program for middelalderarkeologi» (Johannessen & Eriksson 2015) var aktuelle problemstillingar for tiltaket følgjande:

- Kan ein påvise leivningar frå mellomalderen, og i så fall, kva kan desse eventuelt gje av informasjon om kyrkjestaden?
- Kan utstrekninga til mellomalderkyrkjegarden sporast arkeologisk?
- Kan ein finne spor etter tidlegare kyrkjebygg på staden?

## 4 Metode og gjennomføring

Då arkeolog kom på staden var gravinga for dei to kummane på vestsida av kyrkjebygget og VA-grøfta på sørsida ferdigstilt. I tråd med prosjektplanen vart den vidare gravinga av VA-grøfta på austsida av kyrkja, og den gjenståande gravinga på vestsida av kyrkja, overvaka av arkeolog (sjå Figur 8). Gravinga vart i hovudsak gjort med maskin, medan arkeolog reinsa fram med krafse og graveskei der det var relevant. I tre av sjaktene vart det påvist *in situ*-graver. Då det ikkje kunne stadfestast at gravene er etterreformatoriske, vart det oppretta dialog med Vestland fylkeskommune i saka. Det vart ikkje grave djupare på staden og gravene vart dekkja til med fiberduk i påvente av vidare sakshandsaming.

I etterkant av gravearbeidet utarbeidde tiltakshavar revidert løysing for tiltaket, som innebar at det ikkje skal gravast djupare på staden enn det som var gjort per 24.05.2023, og at grunntrykket frå dei nye tilbygga skulle bli maksimalt 8 kN/m<sup>2</sup>. NIKU rådde då til at gravene vart bevarte *in situ*, med vilkår om forsvarleg tildekking av gravene, og at NIKU skulle overvake dei første stega av tildekkinga. Vestland fylkeskommune gav i vedtak datert 29.06.23 løyve til at tiltaket vart gjennomført, og tildekkinga av gravene vart gjort 07.08.2023. Forenkla rapport frå tildekkinga ligg som vedlegg 8.2 i denne rapporten.



Figur 8. Sjaktene som vart heilt eller delvis overvaka av arkeolog.

#### 4.1 Sjakt 1 - VA-grøft i aust

Den overvaka delen av grøfta aust for kyrkjebygget var omlag 23 meter lang, 1,0-1,2 meter brei og inntil 1 meter djup. Det var fleire moderne nedgravingar/grøfter i og på tvers av traséen, sjå Figur 10. Straumleidningar kryssa sjakta fleire stader, i djupner ned til 70 cm. Det var også ei nyare grøft med fyll av steinmassar omlag ved korutbygginga. Strekinga som var grave sør for kyrkja (som ikkje vart overvaka av arkeolog) skilde seg frå den overvaka delen av grøfta ved at massane i grøfteprofilen sør for kyrkja hadde mykje svært grov sprengstein, medan dette ikkje vart observert i den overvaka grøftestrekningen (sjå Figur 9). Dette er truleg ei følgje av masseutskiftingsarbeidet som vart gjort her på 1980-talet, og desse masseutskiftingane har då ikkje vore gjennomført på austsida av kyrkjebygget.

Lagfølgja i sjakta var eit tynt lag grus/sand (lag 1) over lys brune, tydeleg omrota massar med raudtegl, store steinar, gultegl, mørtel og glasskår, og lommer av sand (lag 2). I søre del av sjakta vart det på omlag 65 cm djupne observert eit mørk brunt, kompakt, feitt lag (lag 3). Laget var synleg i både austre og vestre profil, og i ei lengd på omlag 3 meter. Tolkinga av laget er usikker. Det vart ikkje påvist tydelege gravkutt eller bein, og det vart ikkje påvist raudtegl eller anna moderne/diagnostisk materiale i laget, men det vart observert noko trekol. Lag 3 kan vere rest av eldre kyrkjegardsmassar eller førhistorisk aktivitet på staden. Laget vart kutta med gravemaskinskuffa, og var omlag 25 cm tjukt. Då omsøkt tiltak kunne gjennomførast utan at meir av dette laget vart fjerna, vart datering av dette laget ikkje prioritert ved undersøkinga.

Undergrunn i form av oransjebrun aur vart påvist på omlag 75-80 cm djupne. Nord for grøfta med steinfyllinga vart ikkje lag 3 observert. Her låg i staden, under lag 2 på omlag 40 cm djupne, eit mørk brunt/svart, kompakt lag med ein del trekol (dels store bitar), noko sand og oppsmuldra stein, mykje små rullesteinar og nokre nevestore teglbitar (lag 4). Ein krittpipestilke vart funne i laget. Lag 4 var inntil

40 cm tjukt, og låg i heile sjaktbreidda, men var noko meir flekkvis mot aust. Laget kan moglegvis vere spor etter brannen i 1934.



Figur 9. Søre ende av sjakt 1, overgang mellom sjakta på sørsida av kyrkja og sjakta på austsida av kyrkja.  
Foto mot aust/nordaust.



Figur 10. Sjakt 1. Straumleidningar kryssar grøfta. Biletet til venstre mot nordaust, biletet til høgre mot nord.  
Det mørke laget (lag 3) er synleg over auren i venstre profil på biletet til høgre.



## 4.2 Sjakt 2 - Tilbygg sør

Sjakt 2 vart opna i eit areal på omlag 4 x 4,5 meter. Lagfølgja var eit tynt lag grus/sand (lag 1) over brun, grusblanda jord med mykje raudtegl, mykje steinar mindre enn nevestore, noko gultegl, og bitar av mørtel og sement (mellom anna ein sementklump av storleik omlag 50 cm) (lag 2). Laget hadde også noko skjelsand iblanda. I massane låg mykje omrota menneskebein. På omlag 60 cm djupne trefte ein på in situ-graver. Det vart berre grave ned til dette laget. Nivået der gravene ligg *in situ* er difor samla kalla lag 3, sjølv om det ikkje er avklart om gravene er samtidige. Gravene ligg i retning aust-vest med hovudet i vest. Det vart ikkje observert gravkutt. Tre av gravene (1, 2 og 5, sjå Figur 11) er sikre, medan tre graver (3, 4 og 6) er usikre (det er påvist bein på staden som såg ut til å liggje *in situ*, men ein kunne ikkje prioritere å grave vidare og avdekke desse). Det vart observert fragment av tre i fotenden av grav 1 og ved lårbeinet i grav 5. Eit par jernbitar som kan ha vore kistenaglar vart funne laust i massane. Grav 1 og grav 2 ligg skrått i forhold til veggen på våpenhuset/tårnfoten (og kyrkjebygget), og grav 2 går inn under grunnmuren i våpenhuset/tårnfoten (sjå Figur 12 og 13). Gravene vart ikkje fullstendig avdekka og er berre dokumentert med foto og enkle skisser. Det vart ikkje grave ned til undergrunn i sjakt 2.

Massane som gravene låg i skilde seg ikkje tydeleg frå lag 2 med tanke på farge og samansetnad, men det vart ikkje observert raudtegl i lag 3. Massane var også noko feitare. Med tanke på kor stor mengd raudtegl det er i lag 2, er fråværet i lag 3 påfallande. Grav 2, som går inn under grunnmuren på tårnfoten, må vere eldre enn den noverande kyrkja som vart bygd i 1863. Det vart ikkje gjort diagnostiske funn i lag 3 som kunne datere gravene sikkert til etterreformatorisk tid.



Figur 11. Gravene i sjakt 2. Stipla linjer er usikre graver. Foto mot aust.



*Figur 12. Fotenden av grav 1 til venstre i bildet, grav 2 øvst i bildet, over tommestokken.  
Grav 2 går inn under grunnmuren til våpenhuset.*



*Figur 13. Grav 1 langsmed tommestokken, grav 3 (kranie) øvst oppe til venstre, grav 2 oppe til høyre.*

### 4.3 Sjakt 3 - Grøft sørvest

Sjakt 3 vart grave i retning omlag aust-vest, mellom sjakt 2 og kum inntil kyrkjegardsmuren i vest. Denne sjakta var 3 meter lang, og opptil 0,8 meter brei. Massane var like som i sjakt 2; eit tynt lag grus/sand (lag 1) over brun, grusblanda jord med mykje raudtegl og omrota menneskebein (lag 2). På tvers av sjakta, omlag 1,3 meter frå sjakt 2 og på 60 cm djupne, går ei kabelgrøft. Det vart grave ned til djupne 0,65 meter i sjakt 3. Det vart ikkje påvist in situ-graver, strukturar eller kulturlag som kunne vere før-reformatoriske i sjakta. Det vart ikkje grave ned til undergrunnen, og det kan såleis liggje automatisk freda leivningar på djupare nivå i dette området.



Figur 14. Sjakt 3, grøft mellom kum og sjakt 2, ferdig grave. Sjakt 2 i bakgrunnen. Foto mot aust.

#### 4.4 Sjakt 4 - Tilbygg nord

Sjakt 4 var omlag 3,3 x 4,7 meter i utstrekning. Massane var liknande som i sjakt 2; eit tynt lag grus/sand (lag 1) over brun, grusblanda jord med mykje raudtegl, mykje steinar mindre enn nevestore, noko gultegl, og bitar av mørtel (lag 2). I lag 2 var det mykje omrota menneskebein.

Frå omlag 50 cm djupne kom ein ned på eit nivå med *in situ*-graver (grav 16-17 omlag 50 cm djupt, grav 8 omlag 55 cm djupt, grav 7 omlag 70 cm djupt). På same måte som i sjakt 2 er laget frå nivået der gravene er påvist kalla lag 3, sjølv om det ikkje var tid til å avklare om gravene er samtidige. Lag 3 skilde seg ikkje tydeleg frå lag 2 med tanke på farge og samansetnad, men det vart ikkje observert raudtegl i lag 3. Massane var også noko feitare. I det nordaustre hjørnet av sjakta var det synleg eit mørk brunt lag, lag 4, under lag 2, meir homogent enn lag 2 og med mindre innhald av steinar, omlag 20 cm tjukt. Relasjonen til lag 3 mot vest er usikker, då det vart fjerna massar her utan at arkeolog var til stades, slik at lag 4 berre er dokumentert i austre og nordre profil. Utstrekninga til lag 4 ut frå vestveggen på skipet (mot vest) har vore maksimalt 1 meter. Moglegvis kan dette vere restar etter eit lag som har vore fjerna elles i sjakt 4, og som berre ligg att nærast skipet. Lag 4 kan moglegvis også vere gravfyll frå ei fjerna grav, men dette er usikkert. Lag 4 låg i nivå over grav 7. I søraustre hjørne av sjakta, i hjørnet mellom skipet og tårnfoten, like sør for grav 7, vart det utan at arkeolog var til stades løfta opp ein stor, rund stein (omlag 1 meter i diameter) som låg dels i undergrunnsmassane. Undergrunnen, som her er raudbrun grus/sand, ligg på omlag 70 cm djupne.

Det vart påvist sju sikre graver; grav 7-13, og fire moglege/usikre graver; grav 14-17. Gravene vart berre delvis avdekka. I grav 7 vart både øvre og nedre ekstremitetar påvist (Figur 17). Fotenden av grava går inn under grunnmuren i vestveggen på skipet. Grav 8, som låg nær vestre ende av sjakta, vart avdekka ned til mageregionen (Figur 19). Grava ser ut til å gå inn under grunnmuren på tårnfoten. Over ryggstøyla på skjelettet i grav 8 låg restar av tre. Grav 9-10 låg like nord for grav 7, i eit noko høgare nivå, og desse gravene ligg dels over kvarandre (Figur 18). Delar av overkroppane vart avdekka. Grav 9-10 ser også ut til å gå inn under grunnmuren på vestveggen av skipet. I grav 11-13 er delar av dei nedre ekstremitetane påvist. Grav 7 og 11-13 var gravne ned i undergrunnen. Gravkutt var ikkje synleg ved dei øvrige gravene. Til tross for at eit par av gravene vart snitta for om mogleg å påvise materiale som kunne plassere gravene i etterreformatisk tid, vart dette ikkje påvist.

Av dei usikre gravene bestod grav 14 og 15 av skjelettdelar som kunne sjå ut til å ligge *in situ*, men det var ikkje tid til å undersøke desse vidare. I grav 16-17 er berre nedre ekstremitetar påvist, og det kan sjå ut til å vere to graver som dels overlappar, og der overkroppane ligg vest for sjakt 4.

Sjakt 4 vart grave i løpet av to dagar, og gravene som vart avdekka på dag 1 måtte dekkast med filtduk ved slutten av arbeidsdagen. Figur 15 viser difor graver og moglege graver som vart avdekka på dag 1, medan Figur 16 viser gravene som vart avdekka på dag 2. Grav 7 er merka av på båe bileta.



Figur 15. Gravene i sjakt 4, dag 1. Stipla linjer er usikre graver. Foto mot aust.



Figur 16. Gravene i sjakt 4, dag 2. Stipla linjer er usikre graver. Grav 15-17 er under fiberduken i framgrunnen. Foto mot aust.



Figur 17. Grav 7, i austre del av sjakt 4. Vestveggen på skipet er synleg til høgre i biletet. Grava er tydeleg grave ned i undergrunnen. Grav 9-10 ligg under massane nord for grava (øvtst på biletet) og er førebels ikkje avdekka.



Figur 18. Grav 9 og 10, sjakt 4. Nordaustre del av sjakta, nord for grav 7. Graveskeia peikar mot nord.



Figur 19. Grav 8, avdekket ned til mageregionen. Grava ligg skrått på grunnmuren til tårnfoten (øvt i biletet). Sørvestre del av sjakt 4. Graveskeia peiker mot nord.

#### 4.5 Sjakt 5 - Grøft nordvest

Sjakt 5 vart grave i retning omlag aust-vest, mellom sjakt 4 og kum ved kyrkjegardsmuren. Sjakta var omlag 3 meter lang og 0,8 meter brei. Massane i sjakta var like som i sjakt 4; eit tynt lag med grus/sand over lag 2), brun jord med mykje omrota materiale, raudtegl, steinar. På omlag 30 cm djupne vart det påvist to in situ-graver. Den eine vart fjerna med gravemaskina. Den andre (grav 18) låg aust for den fjerna grava, i retning aust-vest. Undergrunnen ligg på omlag 40-50 cm, utifrå gropa der kummen er grave ned. Det vart ikkje grave djupare enn grav 18 i sjakt 5.





*Figur 20. Grav 18, sjakt 5. Graveskeia peikar mot nord.*

## 5 Resultat

Ved graving for VA-leidningar og tilbygg ved Herdla kyrkje vart det påvist in situ-graver i tre sjakter; sjakt 2, 4 og 5. Størstedelen av gravene ligg i sjaktene 2 og 4, der tilbygga er planlagde. Gravene ligg i nivå frå omlag 50 cm djupne i sjakt 4, og frå omlag 60 cm djupne i sjakt 2. I sjakt 2 og 5 er det ikkje grave ned til undergrunn. Det kan såleis liggje graver i fleire sjikt både i sjakt 2 og 5. I sjakt 4 er det dokumentert at gravene ligg i fleire sjikt, då fleire graver dels overlappar.

Det er ikkje gjort funn som viser til at gravene er etterreformatoriske. To av gravene i sjakt 2 ligg skrått samanlikna med retninga på kyrkjebygget, og den eine av desse (grav 2) ligg dels under den søre grunnmuren på tårnfoten. Tre graver i sjakt 4 (grav 7, 9 og 10) ligg dels under vestre grunnmuren på skipet, og ei grav ligg skrått på og dels under grunnmuren på tårnfoten (grav 8).

Mellomalderkyrkja hadde ikkje tårn, og dagens kyrkje er både lenger og breiare enn mellomalderkyrkja. Restane etter dei gamle murane som skal liggje under dagens kyrkje skal liggje «fra gallerifronten til koråpningen». Både tårnfoten og vestveggen på skipet på dagens kyrkje vart då oppført i 1863. Grav 2, 7, 8, 9 og 10 er alle eldre enn kyrkja som står der i dag.

I massane over laget med graver er det svært mykje raudtegl, og dette er ikkje til stades i nivået der gravene ligg. Med tanke på mengda av raudtegl i lag 2 og den gjentatte omrotinga som gjekk føre seg på kyrkjegardane er det påfallande at dette ikkje finst i nivået med graver. Kyrkja vart tekka med takpanner av tegl i 1648-49, og skriftlege kjelder nemner at desse måtte skiftast ut ofte grunna dårleg vêr. Gravene kan med dette truleg knytast til tida før det vart lagt takpanner av tegl på kyrkja, eller tida rundt dette. Det kan med dette ikkje utelukkast at gravene er frå mellomalderen.

Laget med mykje raudtegl/takpannetegl og omrota menneskebein var til stades i alle sjaktene på vestsida av kyrkja. Laget er truleg utfyllings-/utjamningsmassar. Bilete frå 1930- og -40-talet viser at terrenget rundt kyrkja, særleg på nordsida, var meir kupert på denne tida, og terrenget her har på eit tidspunkt vorte utjamna. Dette vil ha medført forstyrring/øydelegging av ei rekkje graver, noko som er tydeleg med tanke på mengda av omrota menneskebein i massane. Lag 4, som berre er påvist nærast vestveggen på skipet, er kan hende eit eldre kyrkjegardslag som opprinneleg har lagt over eit større område, og som vart fjerna ved utjamninga av terrenget.

Det vart tatt ut prøver for C14-datering, men desse vart ikkje send til analyse. Gravene kunne ikkje avdekkast fullstendig ved undersøkinga, og det låg graver i fleire sjikt på staden. Ei datering ville i hovudsak berre gje ei datering av den enkelte grava, og det fanst ikkje budsjett for å datere alle dei 18 gravene som vart påvist ved overvakinga.

## 6 Konklusjon

Ved graving for oppføring av tilbygg og legging av VA-leidningar på Herdla mellomalderkyrkjegard, Askøy kommune, vart det gjennomført arkeologisk overvaking av tiltaka. Graving av til saman 5 sjakter vart overvaka av arkeolog. I tre av sjaktene vart det påvist in situ-graver. I ei sjakt vart det påvist eit lag som kan vere eldre kyrkjegardsmassar eller restar etter førhistorisk aktivitet. Omsøkt tiltak er i direkte konflikt med in situ-gravene i sjakt 2, 4 og 5. Det er ikkje gjort funn som tilseier at gravene er etterreformatoriske, og det må difor takast atterhald om at dei påviste gravene kan vere frå mellomalderen.

## 7 Litteraturliste

Johannessen, L. & Eriksson, J.-E. G., 2015. Faglig program for middelalderarkeologi. Byer, sakrale steder, befestninger og borger. Riksantikvaren.

Lidén, H.-E. 1994: Norges kirker, Hordaland Bind 1.

Trædal, V. 2006: Herdla kirkegård, Askøy i Hordaland - Avgrensning av middelalderkirkegård. Arkeologiske utgravninger Bergen, NIKU-rapport 36-2006

Billedsamlingen Marcus, Universitetet i Bergen [marcus.uib.no](http://marcus.uib.no)

Riksantikvarens kulturminnedatabase Askeladden, <https://askeladden.ra.no/>

## 8 Vedlegg

### 8.1 Fotoliste

Filnavn	Motiv	Dato	Sett mot	Fotograf	Strukturnr
Bf30075_NIKU_001	Sjakt 1, start, ende på grøft som ikke vart overvåka	15.05.2023	SV	AR	
Bf30075_NIKU_002	Sjakt 1, oversiktsbilde	15.05.2023	NØ	AR	
Bf30075_NIKU_003	Sjakt 1, start	15.05.2023	NØ	AR	
Bf30075_NIKU_004	Sjakt 1, lag 3	15.05.2023	Ø	AR	Lag 3
Bf30075_NIKU_005	Sjakt 1, lag 3	15.05.2023	Ø	AR	Lag 3
Bf30075_NIKU_006	Oversiktsbilde, området der sjakt 2 vart grave	16.05.2023	N	AR	
Bf30075_NIKU_007	Sjakt 2, grunnmuren på våpenhuset	16.05.2023	Ø	AR	
Bf30075_NIKU_008	Sjakt 2, graver	16.05.2023	N	AR	
Bf30075_NIKU_009	Sjakt 2, graver. Tommestokken ligg langsmed grav 1.	16.05.2023	NV/plan	AR	Grav 1, 2, 3, 4, 5, 6
Bf30075_NIKU_010	Sjakt 2, graver	16.05.2023	Plan	AR	Grav 1, 2, 3
Bf30075_NIKU_011	Sjakt 2, graver. Tommestokken ligg langsmed grav 5.	16.05.2023	Plan	AR	Grav 5, 1
Bf30075_NIKU_012	Sjakt 2, graver. Tommestokken ligg langsmed grav 4.	16.05.2023	Plan	AR	Grav 4, 1, 2
Bf30075_NIKU_013	Sjakt 2, oversiktsbilde graver	16.05.2023	Ø/NØ	AR	Grav 1, 2, 3, 4, 5, 6
Bf30075_NIKU_014	Sjakt 2, oversiktsbilde graver	16.05.2023	N	AR	Grav 1, 2, 3, 4, 5, 6
Bf30075_NIKU_015	Sjakt 2, graver	16.05.2023	Plan	AR	Grav 1, 2
Bf30075_NIKU_016	Sjakt 2, graver	16.05.2023	Plan	AR	Grav 2
Bf30075_NIKU_017	Sjakt 3, oversiktsbilde	22.05.2023	Ø	AR	
Bf30075_NIKU_018	Sjakt 4, Grav 7	22.05.2023	N/Plan	AR	Grav 7
Bf30075_NIKU_019	Sjakt 4, Grav 7	22.05.2023	Plan	AR	Grav 7
Bf30075_NIKU_020	Sjakt 4, Grav 7	22.05.2023	Plan	AR	Grav 7
Bf30075_NIKU_021	Sjakt 4, Oversiktsbilde	22.05.2023	Ø	AR	Grav 7, 15, 16, 17
Bf30075_NIKU_022	Sjakt 4, Oversiktsbilde	22.05.2023	Ø	AR	Grav 7, 15, 16, 17
Bf30075_NIKU_023	Sjakt 4, Grav 16-17. N til høgre på biletet.	22.05.2023	Plan	AR	Grav 16, 17
Bf30075_NIKU_024	Sjakt 4, Grav 9-10. Graveskeia peiker mot N.	24.05.2023	Plan	KL	Grav 9, 10
Bf30075_NIKU_025	Sjakt 4, Grav 9-10. Graveskeia peiker mot N.	24.05.2023	Plan	KL	Grav 9, 10
Bf30075_NIKU_026	Sjakt 4, steinhelle mot SØ hjørne	24.05.2023	Plan	KL	
Bf30075_NIKU_027	Sjakt 4, Grav 11, 12, 13	24.05.2023	Plan	KL	Grav 11, 12, 13
Bf30075_NIKU_028	Sjakt 4, grav 8	24.05.2023	Plan	KL	Grav 8
Bf30075_NIKU_029	Sjakt 4, oversiktsbilde	24.05.2023	Ø	KL	Grav 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13
Bf30075_NIKU_030	Sjakt 4, Grav 8	24.05.2023	V	KL	Grav 8
Bf30075_NIKU_031	Sjakt 5, Grav 18	24.05.2023	V	KL	Grav 18
Bf30075_NIKU_032	Sjakt 1, oversikt	15.05.2023	N/NV	AR	
Bf30075_NIKU_033	Sjakt 1, oversikt	15.05.2023	N	AR	
Bf30075_NIKU_034	Ovestiksbilde, kummer gravd ned vest for våpenhuset	15.05.2023	N	AR	
Bf30075_NIKU_035	Sjakt 2, oversiktsbilde graver	16.05.2023	Ø/NØ	AR	Grav 1, 2, 3, 4, 5, 6
Bf30075_NIKU_036	Sjakt 2, grav 1	16.05.2023	Plan	AR	Grav 1

## 8.2 Forenkla rapport frå tildekking av gravene, NIKU prosjektnr. 1022655



**NIKUs prosjektnummer:** 1022655  
**Saksnummer hos forvaltningsmyndighet:** Vestland fylkeskommune, 2022/98890  
**Kulturminne-ID:** 84557  
**Lokalitetsnavn:** Herdla kyrkjestad  
**Gnr./bnr.:** 42/10,26  
**Adresse, kommune, fylke:** Herdla, Askøy kommune, Vestland fylke  
**Tilstedeværelse av automatisk fredete kulturminner:** Ja  
**Sted og dato:** Bergen, 16.08.2023

### Forenkla rapportering frå Herdla kyrkjestad, arkeologisk overvaking ved tildekkingsarbeid, Prosjektnummer 1022655:

#### Innleiing

Vi viser til vedtak frå Vestland fylkeskommune datert 28.03.23, saksnummer 2022/98890, og Riksantikvarens § 10-vedtak datert 23.03.23.

#### Bakgrunn

Askøy kirkelige fellesråd fekk i vedtak frå Vestland fylkeskommune datert 28.03.23 dispensasjon frå kulturminnelova med heimel i § 8.1 i samband med graving for VA-leidningar og oppføring av tilbygg innafor det automatisk freda kulturminnet mellomalderkyrkjegarden på Herdla, Askøy kommune (Kulturminne-id 84557-3). Dispensasjonen vart gitt med vilkår om arkeologisk overvaking. Gravearbeidet vart gjennomført i mai 2023, og det vart påvist in situ-graver i tre av sjaktene. Tiltakshavar utarbeidde då revidert løysing for tilbygga (sjakt 2 og 4) og grøft, som innebar at det ikkje skulle gravast djupare på staden, og at grunntrykket frå dei nye tilbygga ville bli maksimalt 8 kN/m<sup>2</sup>. NIKU rådde då til at dei påviste gravene vart bevart in situ på staden, med vilkår om forsvarleg tildekking av gravene, og at NIKU skulle overvake dei første stega av tildekkinga. Vestland fylkeskommune gav i vedtak datert 29.06.23 løyve til at tiltaket vart gjennomført.

For ytterlegare informasjon viser vi til NIKUs prosjektplan datert 19.06.23, og rapporten frå den arkeologiske overvakinga av sjølve gravearbeidet, NIKU rapport 234.

#### Gjennomføring og resultat

Tildekkinga av gravene vart gjort 07.08.2023, og vart overvaka av arkeolog Rory Dunlop frå NIKU Distriktskontor Bergen. Fiberduken som var lagt over gravene som ei midlertidig løysing etter gravearbeidet i mai 2023 vart fjerna, og det vart lagt ny heildekkande fiberduk over gravene. I NIKU sin prosjektplan for tiltaket vart det rådd til at det vart nytta

stadeigne massar ved tildekkinga, der større steinar og takpanner vart sortert bort. Då dette viste seg å vere vanskeleg å få til i felt, vart det i staden lagt settesand over filtduken, 20-40 cm tjukt avhengig av kor djupt det var grave tidlegare. Massane vart ikkje komprimert.



Figur 1. Sjakt 2, mot aust.



Figur 2. Sjakt 2, Gjenfylling. Mot aust.



Figur 3. Sjakt 4, gjenfylt med sand. Mot aust.



Sjakt 4 og 5, gjenfylt med sand. Mot aust.

Omrota menneskebein som var samla saman ved den tidlegare overvakinga, og omrota menneskebein som kom fram ved tildekkinga, vart samla og overlevert kyrkjeverje for deponering på eigna stad.

#### **Konklusjon**

Tildekkinga av dei påviste gravene på Herdla mellomalderkyrkjegard vart gjort 07.08.23. Tildekkinga vart gjennomført på fagleg forsvarleg måte, i tråd med NIKU sin prosjektplan datert 19.06.23, med tilpassingar som skildra over.

Venleg helsing

Ambjørn Reinsnos  
Seniorrådgjevar  
Arkeologiske undersøkingar

Rory Dunlop  
Kontorleiar, Distriktskontor Bergen  
Arkeologiske undersøkingar



Norsk institutt for kulturminneforskning er et uavhengig forsknings- og kompetansemiljø med kunnskap om norske og internasjonale kulturminner.

Instituttet driver forskning og oppdragsvirksomhet for offentlig forvaltning og private aktører på felter som by- og landskapsplanlegging, arkeologi, konservering og bygningsvern.

Våre ansatte er konservatorer, arkeologer, arkitekter, ingeniører, geografer, etnologer, samfunnsvitere, kunsthistorikere, forskere og rådgivere med spesiell kompetanse på kulturarv og kulturminner.

[www.niku.no](http://www.niku.no)

## NIKU Rapport 234

**NIKU hovedkontor**  
Storgata 2  
Postboks 736, Sentrum  
0105 OSLO  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Tønsberg**  
Farmannsveien 30  
3111 TØNSBERG  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Bergen**  
Dreggsallmenningen 3  
Postboks 4112, Sandviken  
5835 BERGEN  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Trondheim**  
Kjøpmannsgata 1b  
7013 TRONDHEIM  
Telefon: 23 35 50 00

**NIKU Tromsø**  
Framsenteret  
Hjalmar Johansens gt. 14  
9296 TROMSØ  
Telefon: 77 75 04 00